



Av ti deltakarar på kvedarkurset i helga er fem frå Uskedalen eller har sitt utgangspunkt i Røyserett for alle. Kurset er ein del av Folkemusikkveka 2012 i oktober månad. Kurset går over tre helgar og eit av måla er at gruppa skal stå fram med innslag på avslutningskonserten

På fyrste delen av kurset har ein lagt vekt på folkesongar frå Kvinnherad og Sunnhordland. Kveding er ein folkeleg uttrykksmåte og ein har vore innom religiøse folketonar, skjemteviser, vogglesongar og kulokkar.

Nokre av folketonane er i si tid samla inn og nedskrive av Ragnvald Guddal frå Seimsfoss og er i dag å finna i Arne Bjørndalsamlinga i Bergen.

Songen Kast kun anker har ein folketone etter Olav Skeie, Kvinnherad. På noten står å lesa: Denne tonen er etter Berje Haugen, ein av dei fyrste indremisjonsmenn i Uskedalen, kring 1860 - 1870.

Biletet over:

Instruktørane Kari Malmanger og Reidun Horvei saman med deltakarane frå Uskedalen:

Kristian Bringedal, Brit Helen Hauan, Venke Vetthus, Svanhill Haugland og Oddbjørg Bjørke

Foto:Kvinnheringen